

## KOMMISJONSAVGJERD

2015/EØS/76/74

av 17. november 2010

**om endring av vedlegga til vedtak 93/52/EØF med omsyn til godkjenninga av Estland, Latvia og den autonome regionen Balearane i Spania som offisielt frie for brucellose (*B. melitensis*), og om endring av vedlegg I og II til vedtak 2003/467/EF med omsyn til fråsegna om at Estland er offisielt fri for bovin tuberkulose og bovin brucellose**

[meld under nummeret K(2010) 7856]

(2010/695/EU)(\*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsdirektiv 64/432/EØF av 26. juni 1964 om dyrehelseproblemer ved handel med storfe og svin innenfor Fellesskapet<sup>(1)</sup>, særleg vedlegg A avsnitt I nr. 4 og vedlegg A avsnitt II nr. 7,

med tilvising til rådsdirektiv 91/68/EØF av 28. januar 1991 om krav til dyrehelse ved handel med sau og geit innenfor Fellesskapet<sup>(2)</sup>, særleg vedlegg A kapittel 1 avsnitt II, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I direktiv 91/68/EØF er det fastsett krav til dyrehelse ved handel med sau og geit i Unionen. I direktivet er det fastsett kva vilkår som ligg til grunn for at medlemsstatar eller regionar i medlemsstatar skal kunne godkjennast som offisielt frie for brucellose.
- 2) Listene over regionar eller medlemsstatar som er godkjende som frie for brucellose (*B. melitensis*) i samsvar med direktiv 91/68/EØF, er førte opp i vedlegga til kommisjonsvedtak 93/52/EØF av 21. desember 1992 om konstatering av at visse medlemsstater eller regioner oppfyller vilkårene med hensyn til brucellose (*B. melitensis*), og om anerkjenning av deres status som medlemsstater eller regioner offisielt fri for denne sykdommen<sup>(3)</sup>.
- 3) Estland og Latvia har sendt over til Kommisjonen dokumentasjon som syner at dei krava som er fastsette i direktiv 91/68/EØF, er oppfylte, slik at heile territoriet til desse statane kan verte godkjent som offisielt fritt for brucellose (*B. melitensis*).
- 4) Som følgje av vurderinga av den dokumentasjonen som Estland og Latvia har lagt fram, bør begge desse medlemsstatane godkjennast som offisielt frie for denne sykdommen. Vedlegg I til vedtak 93/52/EØF bør difor endrast.

5) Spania har sendt over til Kommisjonen dokumentasjon som syner at dei krava som er fastsette i direktiv 91/68/EØF, er oppfylte med omsyn til den autonome regionen Balearane, slik at denne regionen i Spania kan verte godkjend som offisielt fri for brucellose (*B. melitensis*).

6) Som følgje av vurderinga av den dokumentasjonen som Spania har lagt fram, bør den autonome regionen Balearane godkjennast som offisielt fri for denne sjukdommen. Vedlegg II til vedtak 93/52/EØF bør difor endrast.

7) Direktiv 64/432/EØF vert nytta på handel med storfe og svin i Unionen. I direktivet er det fastsett kva vilkår som ligg til grunn for at ein medlemsstat kan skal kunne godkjennast som offisielt fri for tuberkulose og brucellose hjå storfebuskarar.

8) Vedlegg I og II til kommisjonsvedtak 2003/467/EF av 23. juni 2003 om fastsetjing av status for storfebuskarar i visse medlemsstatar eller regionar i medlemsstatar som offisielt frie for tuberkulose, brucellose og enzootisk bovin leukose<sup>(4)</sup> inneheld lister over medlemsstatar som er vortne godkjende som offisielt frie for høvesvis tuberkulose og brucellose.

9) Estland har sendt over til Kommisjonen dokumentasjon som syner at dei krava som er fastsette i direktiv 64/432/EØF med omsyn til status som offisielt fri for tuberkulose og brucellose, er oppfylte for heile territoriet til denne medlemsstaten.

10) Som følgje av vurderinga av den dokumentasjonen som Estland har lagt fram, bør denne medlemsstaten godkjennast som offisielt fri for tuberkulose og brucellose. Vedlegg I og II til vedtak 2003/467/EF bør difor endrast.

11) Vedtak 93/52/EØF og 2003/467/EF bør difor endrast.

12) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 303 av 19.11.2010, s. 14, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 62/2011 av 1. juli 2011 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 54 av 6.10.2011, s. 18.

<sup>(1)</sup> TEF 121 av 29.7.1964, s. 1977/64.

<sup>(2)</sup> TEF L 46 av 19.2.1991, s. 19.

<sup>(3)</sup> TEF L 13 av 21.1.1993, s. 14.

<sup>(4)</sup> TEU L 156 av 25.6.2003, s. 74.

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

Vedlegga til vedtak 93/52/EØF vert endra i samsvar med vedlegg I til denne avgjerda.

*Artikkel 2*

Vedlegg I og II til vedtak 2003/467/EF vert endra i samsvar med vedlegg II til denne avgjerda.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 17. november 2010.

*For Kommisjonen*

John DALLI

*Medlem av Kommisjonen*

---

## VEDLEGG I

I vedlegga til vedtak 93/52/EØF vert det gjort følgjande endringar:

1. Vedlegg I skal lyde:

## «VEDLEGG I

**Medlemsstater som er offisielt fri for brucellose (*B. melitensis*)**

ISO-kode	Medlemsstat
BE	Belgia
CZ	Tsjekia
DK	Danmark
DE	Tyskland
EE	Estland
IE	Irland
LV	Latvia
LT	Litauen
LU	Luxembourg
HU	Ungarn
NL	Nederland
AT	Østerrike
PL	Polen
RO	Romania
SI	Slovenia
SK	Slovakia
FI	Finland
SE	Sverige
UK	Det forente kongerike»

2. I vedlegg II vert det gjort følgjande endringar:

a) Tittelen skal lyde:

«**Regioner i medlemsstater som er offisielt fri for brucellose (*B. melitensis*)**»

b) Oppføringa for Spania skal lyde:

«I Spania:

- Den autonome region Balearene,
- Den autonome region Kanariøyene: provinsene Santa Cruz de Tenerife og Las Palmas.»

## VEDLEGG II

I vedlegg I og II til vedtak 2003/467/EF vert det gjort følgjande endringar:

1. I vedlegg I skal kapittel 1 lyde:

## «KAPITTEL 1

## Medlemsstatar som er offisielt frie for tuberkulose

ISO-kode	Medlemsstat
BE	Belgia
CZ	Tsjekkia
DK	Danmark
DE	Tyskland
EE	Estland
FR	Frankrike
LU	Luxembourg
NL	Nederland
AT	Austerrike
PL	Polen
SI	Slovenia
SK	Slovakia
FI	Finland
SE	Sverige»

2. I vedlegg II skal kapittel 1 lyde:

## «KAPITTEL 1

## Medlemsstatar som er offisielt frie for brucellose

ISO-kode	Medlemsstat
BE	Belgia
CZ	Tsjekkia
DK	Danmark
DE	Tyskland
EE	Estland
IE	Irland
FR	Frankrike
LU	Luxembourg
NL	Nederland
AT	Austerrike
PL	Polen
SI	Slovenia
SK	Slovakia
FI	Finland
SE	Sverige»